

Frivilligprisen: Halvard Kallestad, nominert av Glesnes ungdoms- og idrettslag:

"Leik og fellesskap er sentrale stikkord i Halvard sin omfattande frivillige innsats, som svært mange i regionen får nytte godt av. Han gjer alt med glimt i auga, byr på seg sjølv og har ei inspirerende begeistring for det han held på med. Når Halvard arrangerer aktivitetar står det å prøve noko nytt, meistring, og å ha det gøy i lag i fokus! Alt har låg terskel og er for alle! Denne haldninga gjer at barn, unge og vaksne oppdagar og får vere med på aktivitetar som dei elles kanskje ikkje ville ha prøvd. Halvard er ei ildsjel som har brukt og brukar framleis uendeleg med frivillige timar som utruleg mange menneske får glede av! Glesnes ungdoms-og idrettslag ønskjer å heidre og takke han for den årelange og omfattande frivillige innsatsen, for all leik, blåmerke, inspirasjonen og begeistringa han breier om seg!" (han var månadens frivillig i april i fjor)